



Evaluering av prosjektet: Sjå HEILE meg 2016-2018



10 - 15 minutt med språkstimulering og fysisk aktivitet for alle barn i løpet av **24** uker x **2** år

600 bokstavar, ord og omgrep, som vert erfart med alle dei **5** sansane



HAFS - Språkkommunene Fjaler og Gulen

Eit barn er komen til verda. Eit nytt liv. Eit liv som utviklar seg kvar dag. Livet viser seg i form av eit smil, eit handgrep, eit nytt ord. Det er no barnet legg grunnlaget for resten av livet. Det er no barnet er mest mottakeleg for læring. No og i dei tre neste åra.

Sjå heile meg-prosjektet vart starta opp i november 2018 med inspirasjons- og innføringskurs av Heidi Aabrekk frå Intempo AS. På dette kurset fekk dei tilsette ei innføring i ein heilskapleg tankegang rundt barnet, ei innføring i Bravo-leken og i barnehjernens utvikling. Dei fleste deltok også på kurs i mars 2017 og i november 2017, der tema var oppfrisking, repetisjon og vidare progresjon. 9 av 9 barnehagar har levert evaluering, åtte skriftleg og ein munnleg. Til saman er det i 2017/2018, 90 barn på 1 og 2 år, og 143 barn på 3-5 år, som har fått leike Bravo.

Organisering

Tre av barnehagane som deltok i prosjektet kjente til Bravo-leken frå før, og starta opp i 2012, 2013 og 2015. Dei resterande sju kom til i 2016, og i løpet av prosjektperioden har to av barnehagane vorte slått saman. Bravo-rundane vart starta opp i barnehagane frå januar

2017, og alle har i løpet av prosjektperioden gjennomført 4x12 veker med Bravo-rundar og på den måten nytta materiellet, Bravo Kickstart og Level up, som dei fekk tilsendt. Rundane har vore eit supplement til det andre språkarbeidet som også vert gjort i barnehagane. Bravo-leken er ikkje ein stor del

av barnehagedagen, men eit opplegg som tek frå 5-20 minutt.

Barna får leike Bravo frå 3 til 5 dagar i veka i grupper på gjennomsnittleg 6 barn, oftast på morgonen når dei er mette og opplagte. Nokre tek leiken også fram etter lunsj eller ved fruktmåltidet seinare på dagen.

Tankar kring innføringa og bruk av leiken

Frå evalueringane som er sendt inn til Intempo AS i mai/juni 2018 rapporterast det om mange positive erfaringar. Når det er Bravo-samling, responderer nokre av dei minste barna med jubel og «Jippi» og kjem med ein gong. Andre ser på det som ein heilt naturleg og sjølvsgatt del av kvardagen. Dei eldre barna har ulik respons, og nokre er meir interessert enn andre. Det kan verke som dei går fortare leie, og små variasjonar i leiken i tillegg til engasjement hos dei vaksne er viktig for denne aldersgruppa. Nokre av dei store barna spør etter Bravo, etter eit opphald i leiken.

At Bravo-leken har systematikk og er eit strukturert opplegg vert også løfta fram som positivt. På den måten kjem ein innom alle fagområda i Rammeplanen, og møter også fleire av barna på deira interesser. Bravo-leken har for fleire av barnehagane vorte ein integrert del av språkarbeidet i barnehagen og det fører vidare til at barna lærer av det.

- «Vi opplever at ungane kan bokstavar og omgrep som vi har hatt i Bravo.»
- «Merkar at barna lettare plukkar opp det å lydere, lese, hugse ord.»
- «Barn som stavar og lyderer ord mykje tidlegare enn før. Vorte meir utforskande i møte med nye ord, smake, lukte, kjenne, sjå, høyre.»
- «Borna likar det, det aukar interessa for tema hos borna.»

Terningen med dei fysiske aktivitetane har og vorte nytta. Nokre har lagt til fleire fysiske aktivitetar slik at borna også har fått fleire utfordringar, som t.d. trampe, gå på tå, hoppe,

gå sidelengs, hinke, henge, gå på hendene, froskehopp, sprellemann, museskritt, gå baklengs, springe og songleik.

Puslestasjonen er den eine av fire stasjonar i Bravo-runden der barna får vere aktive deltakarar i leiken og «pusle» med ord, bokstavar, bilete og konkretar sjølve. Erfaringane frå puslestasjonen er at den er spennande fordi det er kjekt for barna å få prøve sjølve. Ein av barnehagane skriv at denne stasjonen likar barna best. Nokre har også gjort puslestasjonane meir som eit prosjekt for dei eldre barna, der dei har gått ut og sett på ting. Ei av utfordringane med puslestasjonane er at ein må vere godt førebudd slik at ein har det som skal til, og av og til tek førebuinga lenger tid enn gjennomføringa.

Å lage eige materiell er ei moglegheit i Bravo Level up, som er namnet på Bravo-materiellet, som har vorte nytta det andre året i prosjektet. Ikkje alle har laga eige materiell, men dei som har gjort det har opplevd at dette vart ein positiv tilførsel til leiken. Nokre i personalet også har vorte meir positive etter at ein tilpassa leiken meir og lagde kort til sjølvvalde tema. Ordkorta dei har laga sjølv har hatt kategoriane; dokkekroken, planetar, vårteikn, trekkfuglar, kroppsdelar på tysk, bilmerke, fjeset vårt på tysk, clothes, fisk i havet, 17.mai-feiring, dette treng vi i fjæra, finn i fjæra, veret på engelsk, frukt og bær på engelsk, geometriske figurar, blommar, fargar på litauisk, båttur, fiskereiskap, tre og sjømat. Maxibøkene som har blitt laga har hatt følgjande tema: 17. mai, flagget, mauren, laks og lakseslakteri, havørn, Oddvar Torsheim, påske, vår, jul, karneval, samane og kinesisk.

I nokre barnehagar nyttar barna også Bravo i leiken sin i andre deler av dagen. Barna har



fått utvida ordforrådet sitt og det nyttar dei i leik og samtale. I tillegg har nokre «(...) laga egne ark/kort, og held Bravo-samling for dei andre borna». Ein av barnehagane nemner og at foreldra har takka dei for at dei arbeider systematisk med bokstavar, ord og omgrep. Foreldra merkar det i heimen at barna kan bokstavar, tel og kan nye ord.

Eit godt døme frå ein av barnehagane på resultat frå innføringa av Bravo-leken er at eit barn på 6 år som etter å ha prøvd Bravo ei stund, byrja å lydere bokstavar og sette det saman til ord. «Her står det jo norsk (t.d.)». Dette var det fleire som kom med etter kvart.

Nokre av utfordringane barnehagane har støtt på har vore å få til organiseringa med tanke på tidspunkt på dagen for leiken, og det å gjere leiken til sin eigen arbeidsmåte for dei vaksne. I dag er stemninga i personalet i forhold til Bravo-leken ulik. Nokre syns det er krevjande, nokre veit ikkje kva dei syns enda, men tendensen er at mange har vorte meir positive og entusiastiske etterkvart, og spesielt når dei ser borna si glede over Bravo-leken.

Det har også vidare vore knytt utfordringar til Bravo-leken i forhold til nok bemanning og den hektiske arbeidskvardagen. At nokre born kjem seint i barnehagen, blanda aldersgrupper og minoritetsspråklege barn er også nemnt som utfordringar.

Vegen vidare

Dersom vi ser tilbake til at utgangspunktet for prosjektet var dei positive erfaringane Solund kommune gjorde seg, vert det og viktig å følge dette opp vidare. Jan Ove Einebærholm, kommunalsjef oppvekst i Gulen kommune, poengterer at det er «totalen i kvardagen ungene møter, som betyr noko, og ikkje enkeltfaktorar. Når kvardagen er prega av glede og

meistring, så lærer dei.» Dette har vi i Intempo AS også sett i tidlegare prosjekt, der Bravo-leken vert ein katalysator for systematikk og heilskap i barnehagekvardagen, og bidreg til auka medvit om barnas tidlege utvikling hos dei vaksne. Einebærholm peiker vidare på at «(...) begynneropplæringa i skulen må tilpasse seg elevar med endra føresetnader. Vi ser at dei kan meir og har eit bedre grunnlag for å lære å lese, skrive og rekne. Ein god overgang mellom barnehage og skule er vi opptekne av, og vi har eit tett samarbeid, (...)».

Jan Ove Einebærholm ser og for seg at «(...) barnehagane tek utgangspunkt det ferdiglaga materiellet og supplerer med eige materiell knytta til tema som dei jobbar med. Å halde fram med sansestimulering knytta til begrepslæringa er svært viktig.» Dette ynskjer vi i Intempo AS å følge opp. Ut i frå evalueringane har det kome tilbakemeldingar på at nettopp dette med produksjon av eigenkomponert materiell kan vere utfordrande. Vi vil difor legge til modular i nettkurset som går på nettopp dette til hausten.

Vidare er det blanda respons frå barnehagane på kor vidt dei har behov for meir repetisjon og progresjon i form av kursing og kompetanseheving. Ikkje alle ynskjer seg fleire kurs, men dei som ynskjer det er klare på at det er nettopp meir om Bravo Level up, bruken av teiknspråk, Maxibøker og produksjon av eigenkomponert materiell til bruk i temaarbeid ein kunne tenkje seg å lære meir om.

Som nemnt er nettsida, nettkurset og nettressursane gode ressursar som mange har nytta seg av undervegs, og desse kan nok også vere føremålstenleg å nytte i framhaldet, sjå meir på bravoleken.no.

Evalueringsrapport utført av Intempo AS Sandane 25.06.18

Elisabeth Hunnes og Heidi Aabrekk

